

HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

# Rusførebyggande arbeid i dei vidaregåande skulane i Hordaland

## Rettleiar



# HOVUDMÅLET ER

- Å skape eit trygt og inkluderande miljø gjennom positive tiltak der alle elevane blir sett og tatt vare på
- Å hjelpe og støtte elevar med bekymringsfull rusbruk til å kome seg ut av ein vanskeleg situasjon slik at dei kan fullføre utdanninga si

# TRE INNSATSOMRÅDE:

1. Førebygging
2. Tidleg innsats
3. Rutinar som skal følgjast ved mistanke og uro om rus



# 1. Førebygging og elevmedverknad

**Skuleleiinga skal ha ansvar for:**

- å informere elevane om rettleiaren ved skulestart
- å presentere skulen sin Kjentmann for elevane og gjere ordninga godt kjent
- å samarbeide med elevrådet om haldningsskapande og rusfrie tiltak
- å legge til rette for samarbeid mellom skule og russ – etter føringar frå opplæringsavdelinga
- at rus som fagleg tema vert knytt til læreplanmål og overordna del av læreplanen
- å legge til rette for auka kunnskap og bevisstgjering om skadeleg bruk av rusmiddel, t.d. gjennom samarbeid med Doping Norge, KoRUS Vest, SLT» («Samordne Lokale rus- og kriminalitetsforebyggende Tiltak»)

## Førebygging i samarbeid med kommune og foreldre

**Skuleleiinga skal ha ansvar for:**

- å informere om skulen sin rusplan på skulen si heimeside og på foreldremøte
- å utvikle samarbeid mellom skule, skulemiljøutval og foreldre når det gjeld rusarbeid
- å styrke Kjentmann sitt samarbeid med skulehelsetenesta
- å oppmode til gjennomføring av UNGDATA, som kartlegging og som kjelde til  særskilte satsingsområde
- å samarbeide med ungdomsskular gjennom SLT-nettverk

**Ressusbank førebygging:**

Forebygging.no
Forebygging - støttemateriell
Ung.no - vgs

www.ungdata.no
Fug.no/hjem-skole-samarbeid-vi-deregående-skole

## 2. Tidleg innsats

Skolen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av dette kapitlet blir oppfylte. Skoleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet. (Opplæringslova §9 A-4)

### Alle på skulen skal reagere på

- aukande fråvér
- klart fallande prestasjonar
- åtferd som kan kan knytast til rus
- endra åtferdsmønster
- endra allmenntilstand

og sjå dette i samanheng med mogleg rusbruk hos eleven eller i eleven sine nære relasjonar
(sjå ressursbank for meir informasjon).

### Når eleven er bekymra:

Dersom du er bekymra for deg sjølv eller medelevar, bør du seie frå til ein vaksen på skulen, t.d. Kjentmann eller kontaktlærar.
Skulen skal legge til rette for at det er enkelt for elevar å melde frå når dei er bekymra.

### Når foreldre er bekymra:

Foreldre/føresette bør ta kontakt med skulen om dei er bekymra for ungdommen sin, via kontaktinformasjon på skulen si heimeside.

### Ressursbank tidleg innsats:

Kjentmann:
Kjentmannsheftet:
Snakk om rus:
Forebygging.no/tidlig innsats:
Rettleiaren Fra bekymring til handling:

Opplysningsplikt, rundskriv Udir 2012
rustelefonen.no/
HFK-antidoping hordaland
Oppslagsverk: ungdom og marginalisering. Bufdir





# 3. Rutinar som skal følgjast ved mistanke om bekymringsfull rusbruk hos elevar

Målet er å hjelpe og støtte elevane til å kome seg ut av ein vanskeleg situasjon og bidra til at elevane lettare kan gjennomføre utdanninga si.

### A. Ved mistanke om bekymringsfull rusbruk hos ein elev:

- Den som har ei bekymring eller ein mistanke, tek snarast kontakt med rektor eller annan ressursperson, til dømes Kjentmann, og avklarar vidare oppfølging

### B. Når ein elev er synleg rusa:

- Eleven blir tatt ut av skuletimen og skjerma frå dei andre elevane
- Bekymringssamtale/informasjonssamtale gjennomførast om mogleg og gjerne med to vaksne personar til stades (t.d. kontaktlærar og ein frå leiinga)
- Om eleven er under 18 år, skal, som hovudregel, foreldre eller annan omsorgsperson kontaktast og informerast om skulen sine rutinar og konsekvensar, j.f. Forskrift for orden og åtferd
- Det blir avtalt oppfølgingssamtalar/-plan med elev og foreldre

### C. Avdekking av sal av rusmiddel på skulen

- Informasjon til eleven om konsekvensar (politisak)
- Politiet blir kontakta
- Avtale oppfølgingsplan/-samtalar

I alle desse situasjonane må skulen vurdere om andre instansar som ressursteam, barnevernet, NAV, PPT, BUP, rusteam, spesialhelseteneste skal koplast inn.

**Ressursbank ved bekymring:**
- må lagast lokalt. Bruk gjerne kontaktliste-malen i Kjentmannsheftet

# Rettleiar for det rusførebyggjande arbeidet på ............................ skule

**Viktige ressurspersonar i skulen:**

-
-
-
-

**Skulen si kartlegging:**

Metode:
Gjennomført:

Skulen si satsing (sjå mal bakerst i heftet).

**Lokale ressurspersonar utanfor skulen**

-
-
-
-





## Andre tenester som kan hjelpe ungdommen, tilpassa lokalt:

- OTPPT
- Helsestasjon for ungdom og skulehelsetenesta
- Utekontakt/oppsøkjande team
- Barnevernstenesta
- Tenester i NAV
- Fastlegen
- Rusteam
- Andre lokale hjelpetenester
- Spesialhelsetenesta:
- Familievernkontor
- Politi

# Mal for handlingsplan

| MAL FOR HANDLINGSPLAN | NAMN PÅ SKULE |
|---|---|
| Skulen skal, på bakgrunn av eigen kartlegging, UNGDATA og annan kunnskap, bruke ein handlingsplan som verkty for endring | |
| Kva for innsatsområde har vi valgt? | |
| Er temaet forankra i leiing og i planverket? | |
| Kva for konkrete mål og tiltak vil vi utvikle innafor dette innsatsområdet? (t.d. utvikle samarbeidsrutinar med kommunetenestene, meir kompetanse på den vanskelege samtalen, rutinar ved bekymring osb) | |
| Konkret skildring av kva for oppgåver som må gjerast for å gjennomføre tiltaket | |
| Kven skal gjere dei enkelte oppgåvene? | |
| Når skal dei gjerast: enkel framdriftsplan | |
| Kven har ansvar for å gjennomføre tiltaka over tid etter utviklingsperioden? | |
| Kven er kontaktperson på skulen inn mot KoRUS? | Namn og epost |

# Mal for evaluering

| MAL FOR EVALUERING | NAMN PÅ SKULE |
|---|---|
| Målet med evalueringa er å skape medvit om det vi har oppnådd og å lære noko av det vi gjorde undervegs | Ta utgangspunkt i mal for handlingsplan og svar på spørsmåla i evalueringsskjema-et ved å fylle ut rubrikkane under: |
| Kva for innsatsområda valte vi? | |
| Kvifor valte vi dei innsatsområda vi gjorde? | |
| Har vi gjennomført dei tiltaka vi sette opp i handlingsplanen? | |
| Har vi nådd måla våre? | |
| Kva var det som hjalp oss framover? | |
| Kva har vi ikkje fått til? | |
| Kva gjorde at vi strevde? | |
| Er tiltaka forankra i skulen sitt planverk med ansvar for gjennomføring? | |
| Underskrift og dato: | |

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Agnes Mowinckels gate 5
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**

April 2018